ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Irene Eline Valøen Sørli
Grønnlivegen 14
5300 KLEPPESTØ

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 20.09.2022 |
| Vår: 22/6506 - 22/72147 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Ferdigattest for avkøyrsle, tilkomst og parkeringsplass - gbnr 113/18 Sjurset

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1008/22** |
| **Tiltakshavar:** | Irene Eline Valøen Sørli |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As |
| **Søknadstype:** | Søknad om ferdigattest |

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for avkøyrsle, tilkomst og parkeringsplass på eigedomen gbnr 113/18.**

Etablering av avkøyrsle, veg og parkeringsplass er godkjend etablert i samsvar med plan- og bygningslova § 20-4 e), dvs. tiltak utan krav om ansvarlege føretak. Søknaden om ferdigattest er send inn av Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen AS. Kommunen forstår at søknaden er send inn etter av tale med tiltakshavar og at det ikkje er gjennomført endringar i tiltaket som medfører bruk av ansvarlege føretak.

Tiltakshavar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.09.2022.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 06.09.2022.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Spjotøyvegen 110 |
| Bygningstiltak: | Avkøyrsle, tilkomst og parkeringsplass |

**Regelverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6506

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Irene Eline Valøen Sørli | Grønnlivegen 14 | 5300 | KLEPPESTØ |
| Willy Garmann Sørli | Grønnlivegen 14 | 5300 | KLEPPESTØ |